



Siriporn Hellen og Pornthip Pomngern er klar for ny sesong med populær thaimat.

Thaikjøkkenet Poon Tip's har vore eit populært innslag i bygda heilt sidan oppstarten. I morgon, fredag, opnar dei for ein ny sesong etter vinterstenginga. Uskdalen.no møtte eigaren Pornthip Pomngern torsdag middag då ho var i full gang med å førebu oppstarten saman med venninna Siriporn Hellen som også skal arbeida ein del ved thaikjøkkenet denne sesongen.

Pornthip Pomngern har fått mykje ros for kvaliteten på maten, og ho lovar å følgja opp på det området:

- Vi skal laga så god mat som vi kan, og Siriporn er veldig flink til å laga mat, seier ho med eit stort smil og legg til at alle er veldig velkomne samstundes som ho skryt av alle dei kjekke kundane.

Sjølv om det normalt er kort ventetid, vert det understreka at ein kan ringa å bestilla, og då er det klart til henting når kunden kjem. Telefonnummeret er 970 68 597.

- Det er nokre forandringar på menyen frå i fjor. Nye rettar er komne til, og nokre har vi kutta ut, fortel Pornthip. Dei har redusert talet på rettar frå 21 til 15.

- I fjor var det så mange rettar at det var vanskeleg for ein del kundar å velja, legg ho til.

Alle bestseljarane er sjølvstekt framleis på menykartet, og i tillegg er det nye, spennande og freistande rettar. I desse tapas-tider er det grunn til å tru at nyskapinga Thai Tapas vert ein slager.

I morgon er det altså opningsdag og denne helga vert det også ope lørdag og søndag. Seinare vert det ope kvar veke frå torsdag til søndag. I påsken vert det utvida til fleire dagar, og i juni/juli vert det ope 5 dagar i veka frå onsdag til søndag. Opningstida alle dagar vert kl.15.-21.

Dei har eiga facebook-side **Poon Tip's take-away**. Den vert brukt dersom det vert endringar og til informasjon elles.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland